



Finn Frantzen  
Mangersnesvegen 111  
5936 Manger

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 23/1878 - 23/36933

Sakshandsamar:  
Svein Arne Vågane  
svein.arne.vagane@alver.kommune.no

Dato:  
05.06.2023

## **Vurdering av revidert søknad om godkjenning av jordleigeavtale på gbnr. 444/10 Mangerneset i Alver. Avtalen kan framleis ikkje godkjennast.**

Vi syner til revidert avtale i samband med jordleige av gnr. 444, bnr. 10 Mangerneset.

Avtalen kan diverre framleis ikkje godkjennast slik den ligg føre.

Av jordlova § 12 går det fram at «forpaktning, tomtefeste og liknande leige eller bruksrett til del av eigedom når retten er stifta for lenger tid enn 10 år, eller ikkje kan seiast opp av eigaren».

I dykkar avtale står det framleis at avtalen «...fornyas automatisk for nye 10 år om ikkje grunneier sier den opp og nye 10 år fremover osv».

Avtalen må vere formulert slik at den ikkje varer over 10 år. Dette gjeld òg om grunneigar (utleigar) har høve til å sei den opp slik avtalen legg opp til.

Om de ynskjer ei langsiktig leige, kan de fornye avtala når den går ut om 10 år ved å sende inn avtalen på nytt, men med endring av dato.

Alternativt må de søkje om løyve til å dele i frå retten til å leige arealet etter jordlova § 12. Så må leigetakaren søkje konsesjon for å få godkjenning til å disponere denne retten.

Med venleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

Svein Arne Vågane  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Finn Frantzen  
Kenneth Håland  
Rune Fanebust

Mangersnesvegen 111	5936	Manger
Mangersnesvegen 198	5936	Manger
Mangersnesvegen 196	5936	Manger